

ERVINGEN KULTURHUS AS  
Kong Oscars gate 18  
5017 BERGEN

Deres ref.:	Vår ref.:	Saksbehandler:	Dato:
	2018/11728-53	Bjørg Larsen	18.09.2018

## **Tildeling av tilskot til Lokale kulturbygg 2018 - Ervingen Kulturhus Gimle, med anleggsnummer 50830, Bergen kommune.**

Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling, har fordelt spelemidler til Lokale kulturbygg i møte 12. september 2018. Ved fordeling av spelemidler vart søknaden imøtekome med eit tilskot på **kroner 500 000,-**.

Generelle retningslinjer for utbetaling av løyvd tilskot:

1. Alle utbetalingar skjer via Bergen kommune.
2. De kan søkje om delutbetaling (max 75%) når anleggsarbeidet er kome godt i gang. Søknaden må innehalde ein statusrapport med kommunal stadfesting på framdrifta av anlegget.
3. Løyvd tilskot skal i hovudsak nyttast i tildelingsåret. Tilskot som ikkje vert utbetalt innan to år etter at tilsegn er gjeve, det vil seie innan to år etter datoen på dette tilsegnsbrevet, vert inndrege. Dersom rekneskapet viser at anlegget vert rimelegare enn budsjettert, vil tilsvarande del av tilsegnsbetøp bli inndrege.
4. Sluttutbetaling kan ikkje skje før de har sendt inn revisorkontrollert rekneskap saman med kommunal stadfesting på at anlegget er fullført i samsvar med godkjende planar.
5. Når tilskotet er kr 400 000 eller høgare skal rekneskapet for anlegget kontrollerast av revisoren til kommuna. Rekneskap for tilskot under kr 400 000 kan kontrollerast av annan revisor, til dømes den tillitsvalde revisoren til organisasjonen.

Mottakar av tilskot har ansvar for at løyvd tilskot vert brukt i samsvar med føresetnadar, krav og vilkår i føresegnene. Føresegnene om tilskot til Lokale kulturbygg <https://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kunst--og-kulturutvikling/tilskot-til-lokale-kulturbygg/>

Klagerett:

Forvaltningslova gjev søkjarar som har fått avslag på søknad om tilskot frå spelemidlane rett til å klage over det vedtaket som er gjort, sjå Forvaltningslova § 27 tredje ledd og § 28 andre ledd, samt kapittel 7 i føresegnene om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, V-0732. Klagefristen er 3 veker frå den dagen dette brevet er motteke. Dersom fylkeskommunen ikkje endrar vedtaket som følgje av klaga, skal saka sendast Kulturdepartementet for endeleg avgjerd

Per Morten Ekerhovd  
kst. Fylkesdirektør for kultur og idrett

Ronny B Skaar  
Utviklingsjef

*Dette brevet er elektronisk godkjend og har derfor inga signatur*